

## Om keltisk retreat

*Brit Lundby Hilde* leiar retreaten saman med *Elsa Mikkelsen*. Begge er kjende folk her på huset og ressursar innan retreatarbeid.

Denne retreaten er *delvis taus*, det betyr at det er lommer gjennom helga der det er *frivillige delestunder*.

*Delvis taus retreat, er i hovudsak i stilla* med ein *fast tidebønsrytme* med samlingar i kapellet, morgon, middag og kveld. Nattverd under morgonbøna. Stille andakt i kapellet og åndeleg lesing. Alle *måltida* i spisestova er *stille* med instrumental musikk i bakgrunnen. Det vert tilbod om *frivillig delestund* i loftstova på kvelden, der ein kan dele litt frå dagen. Om ein ønsker heilt taus retreat, kan ein velje det. Berre gje beskjed til leiarane. Elles vil det bli tilbod om *personleg samtale* gjennom helga, for dei som ønsker det.

*På ein keltisk retreat* tar vi i bruk nedskrivne keltiske tekster, bønner, velsigningar, songar/salmar. Mykje stoff er henta frå Lindisfarne, der presten Ray Simpson har samla og skrive tekstar på engelsk, der noko er oversett til norsk. Det blir og ei innføring i keltisk kristen spiritualitet på retreaten.

Holmely ligg vakkert til, med *fine tur-moglegheiter*. Perfekt; om du likar å bruke tid med Gud ute i naturen! Elles har vi ei varm og fin loftstove til bruk gjennom retreaten, ope kapell og ei bønehytte som vi kan bruke etter avtale.



*Naturen* vil vere sentral til både rekreasjon og inspirasjon på ein keltisk retreat. Det blir ikkje arrangert reise til Selja på denne gangen, men vi planlegg to turar i nærmiljøet; ein tur ut til havet og ei lett fjellvandring. På desse turane blir det lagt opp til *Jesusmeditasjon* (bibeltekst om ei Jesusforteljing). Ta med turklede (ull, vind-regntett) og gode sko, termos og dagstursekk!

### *Guds barn*

På retreat treng du ikkje presentere deg med namn, alder, jobb og sivilstatus til dei andre deltakarane – slik det ofte «forventast» når ein møter nye folk. På retreat kan du få vere anonym og kvile frå kvardagens spørsmål og krav. Vi håpar at alle respekterer det, når dei møter nye ansikt den første dagen. Her skal du få kome og bare være Guds barn – der du er i livet.

*Vi ønsker deg varmt velkommen til vår jordnære plass – med open himmel!*

Vi startar *torsdag kveld* med eit varmt måltid klokka **18.30**. Om du ønskjer å kome tidlegare, for å *lande litt* før vi startar, er du velkommen til det! Berre gje beskjed om ca. ankomst. På *søndag* avsluttar vi ca. klokka **15**.

Om du har *mat-allergiar* eller andre spesielle behov, ber vi deg gje beskjed på forhand.



### HOLMELY

ein jordnær plass med open himmel –  
medvandring bøn påfyll fred

Normisjon sin einaste retreat-stad ligg som ei perle like i sjøkanten, med vakker utsikt over fjord og holmar –nær skog og fjell.

**Påmelding seinast éi veke før:**

**HOLMELY**

Holmevegen 26

6711 BRYGGJA

Tlf. 57853425

e-post: [holmely@normisjon.no](mailto:holmely@normisjon.no)

**Betaling:**

**Pris pr person:** Dobbelrom: 2700,- Enkelrom: Kr. 2900,-

(Oppreidd seng, handkle, eige bad, alle måltid)

**Påmeldingsgebyr på 500,- til konto.**

Konto: **3000 14 72204** (Merk Keltisk retreat)

Resterande beløp kan og betalast i forkant på konto, eller du kan betale kontant eller med terminal under sjølve retreaten

**Reise til og frå:**

Gode bussamband frå /til Oslo, Bergen, Ålesund og Trondheim.

Ekspressbåt Bergen – Måløy 2 g. dagleg, korresponderande buss til Holmely/Totland.

Fly frå Oslo/Bergen til Sandane.

**Meir informasjon:**

[www.holmely.no](http://www.holmely.no)

[www.facebook.com/holmely](https://www.facebook.com/holmely)

[retreater.no/retreatsted/holmely](http://retreater.no/retreatsted/holmely)



# Keltisk retreat

Holmely 3. -6.mai 2018



«Må din vei komme deg i møte,  
vinden alltid være bak din rygg,  
solens lys leke på ditt kinn,  
regnet falle vennlig mot din jord.  
Og må Guds gode hånd verne om deg  
til vi møtes igjen.»

Keltisk velsigning, oversatt av Hans Olav Mørk